




2024

Årsrapport

Nettverk for førebygging av vald og
overgrep mot barn og unge



Synnøve Teige og Bente Cecilie Foss

REPRESENTANTAR I STYRINGSGRUPPA FOR NETTVERKET



Nettverk for førebygging av vald og overgrep mot barn og unge

KORUS

TRVTS
Trygge fagfolk, kloke handlingar

Statsforvaltaren i Vestland

NORCE
RKBU Vest - Regionalt kunnskapssenter for barn og unge

Tannhelsetjenestens
kompetansesenter
Vestland

Innleiing

Sidan oppstart av nettverket i oktober 2023, har vi i gjennomført fem samlingar, fire digitale og ei fysisk. Det er pr i dag 31 Vestlandskommunar som er med i nettverket. Kvar av kommunane har frå tre til sju faste representantar i nettverket.

Det er og etablert eit digitalt nettverk for representantane, der alle presentasjonar frå samlingane, relevante arrangement og anna informasjon blir delt med medlemmane. Det digitale nettverket har og ein chatte-funksjon slik at deltakarane i nettverket kan dele tips, erfaringar, og stille spørsmål til kvarandre.

Sentrale tema på nettverkssamlingane i år var:

- Systematikk og planlegging i det valdsforebyggjande arbeidet
- Statlege krav og forventingar til det valdsforebyggjande arbeidet
- Kommunanes handlingsplanar mot vald i nære relasjonar og førebyggjande plan
- Viktigheita av planlegging og systematisk opplæringsarbeid for å bidra til at færre barn utsettast for vald og overgrep, og at dei som blir utsett får nyttig hjelp når dei treng det
- Relevante tiltak for å førebyggje, handtere og hjelpe
- Dei digitale ressursane Jeg vet, Snakke med barn, Trygg til handling

Bakgrunn og formål

Oppstart hausten i 2023. Invitasjonsbrev til kommunane

[invitasjon-til-nettverk-for-forebygge-vold-og-seksuelle-overgrep-mot-barn-og-unge .pdf](#)

I brevet kan de lese meir om bakgrunn og formål med nettverket. Vi gjennomførte to informasjons- og innspelsmøter den 25. og 27. oktober 2023, for å sikre at det vi ynskte å invitere kommunane til treffe godt i forhold til dei behova kommunane har. Vi håpa og at møta ville bidra til at deltakinga i nettverket var godt forankra i kommuneleiinga, og at dei som vart peika ut til å vere kommunen sine representantar i nettverket hadde eit mandat og handlingsrom til å bidra inn i planlegging av opplæringsaktivitetar, planlegging og anna strategisk arbeid knytt til det valds og overgrepførebyggjande arbeidet i sin kommune.

Programmet for den første digitale nettverkssamlinga som vart gjennomført den 06.12.2023:

[program-for-nettverkssamling-6.-desember-2023---oppdatert-04.12.2023.pdf](#)

Formål med nettverket



- ▶ Færre barn skal utsettes for vold eller seksuelle overgrep
- ▶ Barn som blir utsatt for vold og overgrep skal få hjelp og støtte
 - nyttig hjelp til rett tid
- ▶ Legge til rette for at ansatte i kommunene i Vestland som møter barn, unge og foreldre har nødvendig kompetanse og mot til å fange opp, snakke med og handle
- ▶ Bidra til mer systematikk og langsiktig arbeid i implementering, opplæring og vedlikehold av nødvendig kompetanse for å forebygge og gi rett hjelp
- ▶ En arena for dialog, erfaringsutveksling og kunnskapsdeling

Etter innspel frå deltakarane har vi også hatt merksemd på minoritetsperspektivet i arbeidet med vold og overgrep, og at færre barn skal utøve vold og seksuelle overgrep mot jamaldrande, og at barn som utøver vold og seksuelle overgrep skal få hjelp og støtte - nyttig hjelp til rett tid.

Bakgrunn for nettverket

Alle tilsette i kommunale tenester som møter barn og unge skal ha kunnskap og kompetanse til å fange opp signal på at barn eller ungdom kan vere utsett for vald eller overgrep. Dei tilsette skal og ha kunnskap og vere trygge nok til å snakke med barnet om det dei ser, og kva dei er uroa for. Videre skal dei tilsette vite korleis dei skal handtere slik informasjon, korleis dei skal ivareta barnet, og kven i kommunen dei skal kontakte om dei mistenkjer at barnet har blitt eller blir utsett for vald eller overgrep, og korleis dei skal reagere om dei har grunn til å tru at eit barn kan bli utsett for vald eller overgrep.

Det er kommunen sitt ansvar å sørge for at alle tilsette som møter barn og unge har denne kompetansen, les Nasjonal faglig retningslinje for kommunens ansvar for tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge [Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet](#)

Bakgrunnen for at Statsforvaltaren og kompetansemiljøa ynskjer å samarbeide om et tilbud til kommunane på dette feltet, er våre mangeårige erfaringar med oppdrag knytt til å gjere kjent og tilby opplæring i dei digitale verktøya: [Jeg vet](#) og [snakkemedbarn.no – Øv deg på samtaler med barn og unge](#). Tidlegare forsøk på å etablere nettverk for dei som har deltatt i opplæringa. Barnevernreform /oppvekstreform. Endringane i de 14 velferdslovene knytt til samhandlingsregelverket, nytt lovkrav om førebyggjande plan bvl. § 15-1. Kartlegging gjennomført i Vestland i november 2021 om status i det valdsførebyggjande arbeidet, les meir om resultatet frå kartlegginga her: [Fleire kommunar må bli betre på å førebygge vald og overgrep mot barn og unge](#). Vi har også mottatt ei rekke henvendelsar frå kommunar som ynskjer opplæring og implementeringsstøtte og felles arena for rådgjeving.

Samarbeid om drift av nettverket

RVTS Vest		Tannh.tj. kompetansesenter KORUS		Statsforvalteren	RKBU Vest				
									
Linda R. Kvalvik	Randi Mossefinn	Ingfrid Vaksdal Brattabø	Nina Marta J. Stangeland	Bente Cecilie Foss	Bjørn Brunborg, Synnøve Teige				
<p>RVTS skal bidra til å styrke kompetansen og kvaliteten i relevante tjenester innen våre temaområder; vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging. Vi bistår kommunar og tenester med fagutvikling, undervisning, rettleiing, nettverksarbeid og implementeringsstøtte.</p>		<p>Tk Vestland tilbyr mange spesialisttannbehandlinger, tverrfagleg behandling og gir et tilrettelagt tilbud til tortur- og overgrepsofsatte og personer med sterk angst for tannbehandling (odontofobi). Rådgivingstjenester, kurs og klinisk, praksisnær forskning.</p>		<p>KORUS skal styrke kunnskap og kompetanse på rusfeltet; folkehelse og forebygging, tidlig innsats, skadereduksjon og oppfølging og behandling. KORUS bistår med fagutvikling, implementeringsstøtte, undervisning, veiledning og nettverksarbeid.</p>		<p>Statsforvalteren skal gi råd, legge til rette for erfaringsutveksling, koordinering av tjenester, bidra til å gjøre veileder om tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge, elektroniske verktøy som "Jeg vet" og "snakke" for forebygging av vold og overgrep kjent for kommunene.</p>		<p>RKBU Vest skal støtte kvalitetsforbedring i tjenestene, gjennom kompetansebygging, praksisrelevant forskning og kunnskapsformidling innen psykisk helse og barnevern. Vi skal løse våre oppgaver i nært og forpliktende samarbeid med praksisfeltet. Målet er å styrke kompetanse- og kunnskapsutvikling i arbeidet med barn, unge og deres omsorgspersoner.</p>	

Styringsgruppe

Vi har hatt eit effektivt og godt samarbeid mellom samarbeidsinstansane og kommunane.

Dette har vi organisert i ei styringsgruppe som har hatt digitale møter før alle samlingar og ved å etablere et samarbeidsforum på Teams, supplert med litt e-poster om ting haster.

Styringsgruppa vart etablert på første samling i desember 2023, med fem hovudrepresentantar og fem vara frå kommunane. Både kommunalsjefnivået og kommunane sine representantar i nettverket er i styringsgruppa, i tillegg til dei som representerer dei ulike kompetansemiljøa og Statsforvaltaren i nettverket (sjå punkt over).



På bilete: Styringsgruppe for nettverket, bestående av kompetansemiljø, statsforvaltar samt kommunalsjefar og kommunerepresentantar.

Styringsgruppa oppsummerte første året med drift i nettverket på denne måten:

Evaluering av nettverket etter første året i drift



- Vi har gjennomført fem samlinger fire digitale og en fysisk samling over to dager
- Vi har med oss 31 kommuner og ca. 200 representanter fra kommunene
- Mange har delt erfaringer fra egne kommuner, både eksempel på god praksis og det som har utfordra
- Vi har fått oppdatert kunnskap, forskning, brukererfaringer, statistikk og introduksjon til ulike digitale verktøy, tiltak og metoder som gan gi støtte i arbeidet
- Evalueringene på alle samlingene er gjennomgående gode
- Vi har fått inn mange gode innspill til aktuelle tema for samlingene i 2025
- Alle presentasjonene fra samlingene i 2024 ligger tilgjengelige i den digitale nettressursen
- Vi har ikke fått opprettet ressursgruppen enda, den står på planen i 2025
- Styringsgruppa har fungert godt, selv om noen av møtene har blitt litt for korte 😊

Samlingane

Kommunane har tatt stort ansvar for innhaldet på samlingane

Vi har i form av Forms-skjema og moglegheit til å gje tilbakemeldingar og innspel i kommentarfelt og plenum på samlingane har vi fått inn mange innspel, tilbakemeldingar og evalueringar etter alle samlingane. Deltakarane på samlingane har vist et stort engasjement, og vi har oppnådd et klima der det er lave skuldrar og lett å komme med synspunkt, spørsmål, forslag og å dele erfaringar. Både det som er vanskeleg og det vi er stolte av og har lyst til å dele med fleire.



I 2024 har vi gjennomført følgende samlingar:


- Første samling: 15.- 16. februar (fysisk)
- Andre samling: 10. april (Teams)
- Tredje samling: 1. oktober (Teams)
- Fjerde samling 27. november på (Teams)

Program for alle samlingane finn du som vedlegg til denne rapporten, der vil du kunne sjå meir om kva tema, og kven som har vore bidragsytarar på programmet på samlingane.

Alle samlingane er evaluert av deltakarane, tilbakemeldingane har jamt over vore gode. Mange har gjeve utrykk for at samlingane har bidratt med nye perspektiv, inspirasjon og bevisstheit om kva som er viktig å tenkje på i det vald og overgrepssføbyggjande arbeidet. Mange har trekt fram betydinga av å ha ein arena der ein kan snakke med andre kommunar om korleis dei løyser oppgåvene, dele erfaringar, utfordringar og godt arbeid med kvarandre som særleg viktig.

På alle samlingane har deltakarane svart på dette spørsmålet: «Formålet med denne samlinga var å gje dykk eit fagleg innhald, rom for erfaringsutveksling på tvers av kommunegrensar og inspirasjon til vidare arbeid med førebygging av vald og overgrep i eigen kommune. I kor stor grad meiner du vi har lukkast med dette?» Ein stjerne tyder: i liten grad, seks stjerner tyder: i svært stor grad. Deltakarane sine gjennomsnittsvurderingar har variert fra 4.94 til 5.43.

Organisering av nettverket



Økonomi

I 2024 mottok Statsforvaltere 200 000,- over sin belastningsfullmat øymerka til valdsføbyggjande arbeid og å bidra til å gjere barnekonvensjonen og dei digitale verktøya «Jeg vet» og «Snakke» kjent. Den fysiske samlinga over to dagar 15. – 16. februar, med 110 deltakarar kom på 275 612,- hele beløpet vart dekket av Statsforvaltaren.

Økonomi i 2025 vart meir utfordrande. Tilskotet på 200 000,- som har komme til Statsforvalterne til valdsføbyggjande arbeid i kommunane vart i år fjerna frå belastningsfullmakta. Det vil sei at i 2025 mottar vi ikkje øymerka midlar til dette føremålet frå Bufdir.

I november søkte vi i samarbeid med vertskommunen Kvinnherad om restskjønnsmidlar til ei fysisk samling i nettverket og til formidling av kunnskap frå utviklingsprosjektet [Kompetanseløft - vald og overgrep](#). Søknaden vart innvilga med 300 000,- i restskjønnsmidlar til å arrangere fysisk samling og 150 000,- formidling av kunnskap frå utviklingsprosjektet til andre kommunar.

Sidan den fysiske samlinga vi hadde i februar 2024, har det komme fleire kommunar, og fleire deltakarar i nettverket og anslagsvis er vi no mellom 150 – 180 deltakarar i nettverket. Prisane på hotell har og auka. Vi har henta inn prisar på ei to dagar samling for 150 deltakarar frå fleire hotell og det beste tilbodet var frå Scandic Sunnfjord Hotel og Spa i Førde, tilbodet er då på 591 750 kr. Det vil sei at vi per i dag ikkje har dekning for alle utgiftene til dette arrangementet. Statsforvalter har ikkje endeleg oversikt over alle sine tildelingar endå, og håper å kunne dekke noko meir av utgiftene til arrangementet. På årsmøtet vart det drøfta litt ulike alternativ for korleis vi kunne løyse det økonomisk for at flest mogleg skal ha moglegheit til å delta. Vi undersøkte kommunane sitt syn på å betale en eigenandel eller sette tak på antall deltakarar per kommune. Det var litt ulike syn på dette, men vi landa på at den beste løysinga, dersom vi ikkje finn løysingar for å dekke utgiftene til arrangementet på annet vis, er å tilby to gratis plassar per kommune, og at dei kommunane som ynskjer å ha med fleire kan dekke ein eigenandel for desse.

Den fysiske samlinga blir 21.-22. mai. Vi vil fram til det undersøkje kva moglegheiter som finnst for å dekke dei resterande utgiftene til arrangementet.

Kommunikasjon om nettverket

Les meir om nettverket og samlingane i nettartiklane som du finn på Statsforvalteren og RVTS Vest sine heimesider:

[invitasjon-til-nettverk-for-forebygge-vold-og-seksuelle-overgrep-mot-barn-og-unge .pdf](#)

[Første samling i nettverk for førebyggjande arbeid mot vald og overgrep mot barn og unge | Statsforvaltaren i Vestland](#)

[Nettverk for førebygging av vald og overgrep - Ressursenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging](#)

Vi har også nytta Facebook til å gjere kommunane merksame på kommande samlingar i nettverket.

Planar for 2025

Årsmøtet vart gjennomført den 22. januar, på TEAMS.

Vi hadde med oss over 50 deltakarar på årsmøtet. Mange kommunar var representert med kommunalsjef, dei var spesielt invitert til årsmøtet, med tanke på det overordna ansvaret dei har for det valdsførebyggjande arbeidet i kommunen og deira rolle som tilretteleggjar og premissleverandør for kommunen sine representantar i nettverket. Det er viktig for kommunane si moglegheit for å få utbytte av deltaking i nettverket, at forventingar, mandat og rammebetingelsane er avklart i den enkelte kommune og med den enkelte som er kommunen sin representant inn i nettverket. Det er noko vi har hatt merksemd mot i nettverket i 2024, og som vi vil fortsette å jobbe vidare med i 2025, etter ønske frå fleire av deltakarane i nettverket.

Val av representantar til Styringsgruppa skjedde på årsmøtet.

Planlagde arrangement og samlinger i 2025

Årshjul for 2025		AKTUELLE TEMA I NETTVERKET I 2025		
▶ Digital samling – 12. mars kl. 9.00 – 14.00		Digital samling 1.	Fysisk samling 2.	Digital samling 3.
▶ Fysisk samling – 21.-22. mai Lunsj til lunsj		Skadelig seksuell adferd (SSA) og barn som utøver vold mot andre barn. Hvordan ivareta både offer og utøver?	Kompetanseløft- vold og seksuelle overgrep Utviklingsprosjekt i Kvinnherad og Ullensvang – systematisk opplæring til hele kommunen	Barn som pårørende - av foreldre med rus og psykisk helse utfordringer - av veteraner og innsattpersonell
▶ Digital samling – 31. oktober 9.00 – 13.00		Førebygging og hjelp når barn og unge er flyktninger	Tips til dere som skal lede opplæring, utviklingsprosesser og implementeringsarbeid	Korleis lukkast med hvernagleg forankring og samarbeid. både i kommuneleing og blant dei som jobbar med barn og unge?
▶ Årsmøte 2026 – 22. januar 9.00 – 11.00		Hvordan velge rett tiltak? Innsats i samsvar med problemkompleks	Relevante tiltak – hva er god hjelp når vold eller overgrep er avdekket?	Hvordan evaluere tiltak? Hvordan vet vi om hjelpen virker?
		Erfaringsdeling	Erfaringsdeling	Erfaringsdeling

Etablering av ressursgruppe

Vi har mål om å etablere ei ressursgruppe knyt opp til nettverket i løpet av våren 2025. Vi sender ut invitasjon til Barnehus, Krisesentera, ATV, V27 og NOK- sentera og inviterer til eit informasjons- og etableringsmøte for ressursgruppa for nettverk for førebygging av vold og overgrep mot barn og unge.

Vedlegg

Programma for alle samlingane vi har gjennomført, ligg som vedlegg til denne rapporten nr. 1.-5.

Første samling i nettverk for forebygging av vold og overgrep mot barn og unge

Tema: Oppstartsmøte i nytt nettverk og val av styringsgruppe
6. desember 2023 – digitalt møte på Teams

09:00 - 09:25	Velkommen, innleiing og bakgrunn
09:25 - 09:45	Valdsforebyggande arbeid i kommunen frå eit kommunalsjefperspektiv Anna Maria Kråkevik, kommunalsjef oppvekst og utdanning i Ullensvang kommune
09:45 - 10:00	Val av representantar til styringsgruppa for nettverket
10:00 - 10:10	Pause
10:10 - 10:30	Korleis realisere våre planar, og kva er viktig å tenke på når vi skal arbeide med opplæring, endring og implementering i kommunen? ved Sigrùn Henriksen, leder for tjenesteutvikling ved RKBU Vest
10:30 - 11:00	Erfaringar frå arbeid med handlingsplan for vald i nære relasjonar Linda Hantveit, helsesjukepleiar og Jane Hesjedal, barnevernleiar frå Gulen kommune Marte Kvisterø Krogstadmo, rådgjevar folkehelse i Luster kommune
11:00 - 11:45	Pause i det digitale programmet for lunsj og refleksjon Forslag til refleksjonsspørsmål: <i>Kva håpar vi at vår deltaking i nettverket skal bidra med for vår kommune?</i> Vi oppfordrar kommunane sjølv til å sette seg saman fysisk, eller invitere til eit digitalt møte i dette tidsrommet.
11:45 - 12:00	Trygg til handling Linda Renate Kvalvik, områdeleder barn og unge hos RVTS Vest
12:00 - 12:20	Forventninger, ønskjer og innspel til kommande samlingar i nettverket Forms
12:20 - 12:40	Grupperefleksjon og erfaringsdeling på tvers av kommunegrenser <ul style="list-style-type: none">• Korleis jobbar vi med det valds- og overgrepforebyggende arbeidet i dag?• Har vi gjort nokre smarte grep i vår kommune?
12:40 - 13:00	Oppsummering, evaluering og kommande samlingar



Nettverk for førebygging av vald og overgrep mot barn og unge

PROGRAM

15.-16. februar 2024 ved Clarion Hotell Bergen, Rosenkrantzgaten 8.

Torsdag 15. februar	
11:30 - 12:30	Lunsj og registrering
12:30 - 12:35	Velkomen og presentasjon av arrangørane
12:35 - 14:00	Vi kobler på med filmen: Alt det jeg er <small>Emilie ble seksuelt misbrukt fra hun var 6 til 12 år av sin stefar, som ble dømt for overgrepene. Etter fem år i barnevernet kommer Emilie hjem til sin mor og tre yngre søsken. Filmen følger henne fra hun er 18 til 20 år og viser hvor viktig det er for Emilie å stå frem med sin historie, og hvor vanskelig det er for samfunnet å ta imot henne.</small>
14:00 - 14:15	Pause
14.15- 14:40	Digitale kunnskapsreiser Ingfrid Vaksdal Brattabø, forskar hjå Tannhelsetjenesten kompetansesenter - TkVestland og Tone Grøttjord-Glenne, regissør og produsent i Sant og Usant
14:40 - 15:00	Vaksdal kommune blir "Alt det jeg er - kommune" for me vil byggje kompetanse og mot i kampen mot vald og overgrep Jill Bru Johansen, einingsleiar for skule og PPT i Vaksdal kommune
15.00 - 15.15	Pause
15.15 - 15.40	Primærførebyggande tiltak og foreldrerettlegg Bjørn Brunborg, speialrådgjevar hjå Regionalt kunnskapsenter for barn og unge Vest
15:40 - 16:30	Grupperefleksjon på kvart bord: Kva seier planane våre?  <ol style="list-style-type: none">1. om valdførebyggande arbeid på barn og unge området?2. om primærførebygging?3. Frå plan til handling – har vi konkretisert korleis skal vi realisere måla i planane?
16:30 - 17:00	Oppsummering frå gruppene i plenum
Felles middag kl. 19.00	

Fredag 16. februar

08:30 - 08:40	Velkomen og innleiing til dag 2 Stryingsgruppa
08:40 - 09:00	Opptrappingsplan for psykisk helse og Opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar Randi Mossefinn, spesialkonsulent ved RVTS Vest
09:00 - 09:15	Den digitale delen av nettverket Læringsportalen, chat, Teams, Trygg til handling, Jeg vet og Snakke Linda Renate Kvalvik, områdeleiar barn og unge ved RVTS Vest og Bente Cecilie Foss, seniorrådgjevar hjå Statsforvaltaren i Vestland
09:15 - 09:45	Stord kommune sitt arbeid med handlingsplan, tiltak og verktøy i arbeidet med førebygging og avdekking av vald og overgrep mot barn og unge Birthe Blokhus, einingsleiar førebyggjande tenester i Stord kommune
09:45 - 10:00	Pause
10:00 - 10:15	Innleiing til grupperefleksjon Bente Cecilie Foss, seniorrådgjevar hjå Statsforvaltaren i Vestland
10:15 - 11:15	 Erfaringsutveksling på tvers av kommunegrensar
11:15 - 11:45	Plenum
11:45 - 12:00	Vegen vidare, evaluering og innspel til neste samling
12:00 - 13:00	Lunsj og vel heim!



Nettverk for forebygging av vold og overgrep mot barn og unge

PROGRAM FOR TREDJE NETTVERKSSAMLING

Digital samling på Teams

Onsdag 10. april 2024	
12:00 - 12:10	Velkomen og innleiing
12:10 - 12:25	Refleksjonar kring føremålet med nettverket vårt. Kva ynskjer vi å oppnå? Styringsgruppa ved Åshild Søvik Underdal, Ulvik og Frode Monsen, Askøy
12.25 - 12.45	Kva er dei nasjonale forventingane til kommunane på dette feltet? Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier - Helsedirektoratet Veileder psykisk helsearbeid barn og unge Bente C. Foss, Statsforvalteren i Vestland og Randi Mossefinn, RVTS
12:45 - 13:00	Pause
12.45 - 13.20	Digital idemyldring og erfaringsutveksling på tvers av kommunane Korleis kan gruppa som deltek i nettverket bidra i det valdsførebyggande arbeidet i kvar kommune? Kva har vi tenkt så langt? Kva er moglegheitane og utfordringane i dette arbeidet? Oppgave for arbeidsgruppene fram mot neste samling: Kva mandat og rammevilkår har gruppa som deltek i nettverket fått i vår kommune? Kva forventingar har kommunen til oss, og korleis skal vi løyse desse oppgåvene?
13.20 - 13.50	Korleis kan kommunen møte familiar med flukt- og migrasjonsbakgrunn? RVTS Vest
13.50 - 14.05	Pause
14:05 - 14:20	Korleis jobbar vi på gult nivå i vår kommune? Kva tiltak har vi for å forebygge vald og overgrep mot utsette grupper? Frode Monsen, ny oppvekstsjef i Askøy kommune
14.20 - 14.35	Konsultasjonsteam om vald og overgrep Anne-Brit Sveine, Koordinator Konsultasjonsteamet Askøy kommune deler erfaringar Les meir om konsultasjonsteam her
14.35 - 15.00	Evaluering, innspel til neste samling, heimeoppgåve fram mot neste samling og informasjon om kommande arrangement i nettverket



Nettverk for forebygging av vold og overgrep mot barn og unge

PROGRAM FOR FJERDE NETTVERKSSAMLING

Digital samling på Teams

Tirsdag 1. oktober 2024	
12:00 - 12:10	Velkomen og innleiing Kort intro film
12:10 - 12:30	Innleiing om nye tal frå Ungdata tall - Ser vi nokre nye trendar? Reidar Dale, Spesialrådgiver Korus Bergen
12.30 - 13.00	Gruppreleksjon - kva er relevante tiltak for å følgje opp tala frå ungdاتا? Kva ser vi i våre tal, og kva må vi rette merksemda mot? Kva tiltak kan vi nytta for å møte desse risikoområda, kva har vi tenkt så langt?
13:00 - 13.15	Pause
13.15 - 13.40	Ny rapport: Barneverntenestas arbeid med vald og overgrep Randi Mossefinn, spesialkonsulent ved RVTS Vest
13.40 - 14.00	Førebygging av vald og overgrep - frå utviklingsprosjekt til ordinær drift Ved Randi Pedersen, einingsleiar barn og familie i Kvinnherad kommune
14.00 - 14.15	Pause
14.15 - 14.35	Kva er MST-CAN, kva er målgruppa og erfaringar så langt med tiltaket? Gunborg Irene Spissøy Kyvik, Teamleiar for MST-CAN Sør-Vest
14.35 - 15.00	Kva mandat og rammevilkår har gruppa som deltek i nettverket fått i vår kommune? Kva forventingar har kommunen til oss, og korleis skal vi løyse desse oppgåvene?
15.00 - 15.15	Evaluering, innspel og heimeoppgåve fram mot neste samling Informasjon om kommande arrangement i nettverket

Vi tek atterhald om endringar i programmet.



Nettverk for førebygging av vald og overgrep mot barn og unge

PROGRAM FOR NETTVERKSSAMLING

På Teams onsdag 27. november 2024

09.00 – 09.15	Velkomen og innleiing Stryingsgruppa
09:15 - 09:45	Trygge vaksne i barnehage og skule – Kompetansepakkar Ved Beate Gauden, spesialkonsulent og Julie F. Andreassen, spesialkonsulent frå RVTs Vest Ved Ingvard Andreas Flekke, rektor og styrar i skule og barnehage frå Fjaler kommune
09:45 - 10:00	Pause
10:00 - 10:20	Osterøy kommune sitt arbeid med handlingsplan og tiltak i arbeidet med førebygging og avdekking av vald og overgrep mot barn og unge Ved Kim Andre Vangberg, leiar for familiens hus frå Osterøy kommune
10:20 – 10.30	Innleiing til grupperefleksjon Bente Cecilie Foss, seniorrådgjevar hjå Statsforvaltaren i Vestland
10.30- 11:00	Erfaringsutveksling på tvers av kommunegrenser <ul style="list-style-type: none">• <i>Kva trenger vi at nettverket har merksemd på i 2025?</i>• <i>Kva treng vi som representantar frå vår kommune å ha merksemd på i 2025?</i>
11.00 – 11.15	Pause
11.15 – 11.35	Familierettleiing Bjørn Brunborg, spesialrådgjevar frå RKBU Vest
11.35 – 11.55	Bømlo Kommune om handlingsplan mot vold og overgrep, foreldrerettleiingsprogram og minoritetsperspektiv Linda Hellen, verksemdsleiar frå Bømlo kommune

11.55 – 12.00	Kort innleiing til grupperefleksjon Bente Cecilie Foss, seniorrådgjevar hjå Statsforvaltaren i Vestland
12.00 – 13.00	 Grupperefleksjon og lunsj Har vi merksemd på minoritetsfamiliane i kommunens handlingsplan mot vold? Har vi informasjonsmateriell og tiltak som er eigna? Treng vi å gjære tilpasningar?
13.00 – 13.15	Plenum
13.15 – 13.35	Innspel til nytt tilbod om opplæring tverrfagleg leing Bufdir, Udir og Hdir og KS vurderer å etablere eit opplæringstilbod for tilsette i kommunen, og ynskjer innspel på innhaldet i opplæringa. Ved Frode Nygård Monsen frå Askøy kommune, og representant i innspelsgruppa
13.35 – 14.00	Vegen vidare, evaluering og innspel til neste samling Førebuing til årsmøtet og eit nytt år i nettverket.